

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 79

Utkommer hver  
måned

April 1937

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

8. årg.

### Dåpen.

Glad jeg alltid vil bekjenne:  
Jeg er døpt i Jesu navn.  
Ingen tilflukt er som denne:  
Åpen står min Faders favn.  
Intet jordens skatte veier  
mot det ene, at jeg eier,  
klædt i dåpens hvite skrud,  
nåde, barnekår hos Gud.

Synden skal mig ikke skremme:  
Jeg er døpt i Jesu navn.  
Faderen min skyld vil glemme,  
føre mig til himlens havn.  
Der mitt hjertes attrå stilles,  
der ei freden kan forspilles.  
Frihet, kraft og seiernod  
har Gud gitt i Jesu blod.

Når jeg fristes, vil jeg svare:  
Jeg er døpt i Jesu navn.  
Han vil nådig mig bevare,  
jeg vil hvile i hans favn.  
Han som til mitt barn har tatt mig,  
han har all min synd forlatt mig.  
Ham vil jeg i liv og død  
følge trofast som han bød.

Dåpen er i nådetiden  
ankerfeste for min tro,  
skjenker håp at etter striden  
skal jeg i Guds himmel bo.  
Må i døden øiet briste,  
sjelen sukker da sitt siste:  
Jeg er døpt i Jesu navn.  
Fader, ta mig i din favn.

### Vi og våre døde.

Derfor er de for Guds trone og tjener  
ham dag og natt i hans tempel.

Joh. åpenb. 7, 15.

Her fortelles at de avdøde troende tjener  
Gud dag og natt. Spørsmålet er nu om det  
siktet til deres stilling i mellemtilstanden —  
d. v. s. tiden mellom døden og dommens dag

— eller etter opstandelsen. Da Johannes  
først i kap. 20 omtaler opstandelsen, så sy-  
nes jeg det ligger nærmest å anta, at alt  
det som i de foregående kapitler fortelles  
om de avdøde troende, gjelder mellemtil-  
standen. Da får vi her vite at de avdøde  
troende allerede før opstandelsen tjener  
Herren. Men tjener de Herren, så tjener de  
ham i hans riksarbeide. Som englene, de  
som er »tjenende ånder som sendes ut til  
tjeneste for deres skyld som skal arve  
frelse«.

Og dermed får vi da høre at vi ikke mister  
de troende som medarbeidere når de dør.  
De bare går inn i en ny og herligere form  
for medarbeide, svarende til det herlige liv  
de ved døden fikk del i. Og hermed får vi  
se det samfund mellom de hellige som alle-  
rede den gamle kirke ønsket å understreke,  
idet den bekjente troen på de helliges sam-  
fund ved siden av sin tro på den hellige,  
almindelige kirke. Det er bare ett Guds rike,  
selv om det har provinser på begge sider  
av gravens grenser. Det er bare ett Kristi  
legeme, selv om nogen av legemets lemmer  
allerede har forlatt sitt jordiske hus. Der  
er bare ett vintre, om enn noen grener er  
vokset så høit at de aldri mere dekkes av  
dødens skygge, men lever: den evige sol.  
Der er bare ett tempel, selv om det inne-  
holder flere etasjer.

Her får vi se Guds rike som et byggverk  
som reises ved et felles og intimt samarbeide  
fra dem i den synlige og dem i den usynlige  
verden. Vi får se Guds rike som den orga-  
nisme det er, med ett liv og én sammen-  
hengende vekst både fra den jordiske og fra  
den himmelske side. Stoffets og åndens  
verden hører sammen. Det er bare det at  
vi ennå ikke har evne og midler til å op-  
fatte og iaktta den ånde verden som omgir

oss til enhver tid. Døden er det øieblikk i vår tilværelse, da dette blir mulig og dermed et nytt liv begynner for oss.

Professor **Hallesby** i »For f. og r.«

### Bønn ved begravelse.

Allmechtige og barmhjertige, evige Gud, du som er herre over liv og død, vi ber dig: velsign oss i denne stund. Lær oss å bøie oss under det som du har fastsatt for oss, da du gjorde døden til syndens lønn. Lær oss å ydmyke oss når vi skal smake dødens bitterhet. Men lær oss også å forstå, at dødens brodd blev brutt, da Jesus, din sønn, som ikke hadde synd, gikk gjennom døden, så den ikke kan skade oss når vi holder oss til ham. Vend ditt ansikt til oss, så vi hver for oss med det rette sinnelag må være med i denne jordeferd. Hjelp oss til å betenke at også våre legemer, når du vil det, skal bli til jord igjen og at vi ikke har noget blivende sted her i verden. Gi oss, barmhjertige Fader, nåde til å søke det som er evigt og alltid vandre efter din hellige vilje, så vi må nå frem til de dødes opstandelse og på den ytterste dag stå op til evig liv ved din sønn, Jesus Kristus, vår Herre. Amen.

### Arbeid.

*So lenge det er dag, lyt me gjera hans verk som hev sendt meg, det kjem ei natt då ingen kan gjera noko verk.* Joh. 9, 4.

Desse orda av Jesus karakteriserar i grunnen heile hans jordeliv. Aldri ser vi han sta arbeidslaus. Alle høve som baud seg, nytta han ut. Straks han fekk vinket frå Gud til å utføra ei gjerning, var han reide. Og hvorfor? Jau, fordi han visste det kom ei natt, då han ikkje lenger lekamleg kunde gå omkring her på jorda. Difor måtte han gjera Guds verk medan det var dag.

Korleis er det med oss kristne? Er det dette som karakteriserar vårt liv og? Eller let vi dagane gå frå oss utan å gjera det minste i Guds vingard? Lat Jesus få vera lærermeisteren vår her og lat oss ikkje svikta oppgåva vår. Som kristne har vi alle fått ei oppgåve i livet. Om ho er stor eller lita kjem ikkje an på. Det einaste som det gjeld om, er at vi ikkje sviktar henne, korleis ho enn er. Medan det er dag, lyt vi gjera hans verk som har kalla oss. Det er heller ikkje godt for ein kristen å gå arbeidslaus. »Lediggang er rota til alt vondt,« ogso når det gjeld den kristne sitt liv. Arbeid for Gud hjelper oss i vårt personlege kristenliv. Det

styrkjer og gjev karakter. Det skaper ansvar, og ansvaret fører oss nærare inntil Gud. At det går so mange karakterlause kristne omkring i bygdene kjem nettop av »lediggang«. Arbeid vantar ikkje, men arbeidshugen er burte. Det er liksom meir sytalaust å vera fri alt som heiter arbeid og ansvar. Ja, det er mange som tenkjer og gjer so. Men ver på vakt her, du som har det soleis. La ikkje denne tanken få rom inne i hjarta ditt. Det er ei av dei snarene Djevelen vil freista å fanga deg i.

Finn deg difor ei oppgåve, trass i at du kjenner deg lite dugande. Hugs at du berre er reidskapet i Guds hand. Han vil nok føra deg til det arbeid han ser deg dugande til. Det gjeld berre at du i lydriad let han få bruka deg slik som han vil.

Eg vil minna om ei oppgåve som serleg skulde høva for unge kristne, det er sundagsskulearbeidet. Om det ikkje er sundagsskule i di bygd, skulde ikkje det vera ei oppgåve for deg som no kanskje står utan arbeid i Guds vingard? Ta fatt, og eg er viss om at du personleg vil koma til å hausta velsigning av arbeidet. Og nettop fordi du sjølv soleis vert velsigna, får du vera til velsigning for dei du arbeider imillom.

Men tak til straks. Det kjem ei natt då ingen kan gjera noko verk. Då vil du koma til å angra på alle dei spilte høve du hadde i livet. Utset ikkje til imorgon det du kan gjera idag. Hausten er stor, men arbeidarane få.

»Gjør det lille du kan, der hvor Gud har dig satt, stå ei ledig mens dagene flyr.«

L. F.



### Våre døde.

- 15. desember: Andreas Olsson Torheim; g. kar-  
mann; f. 1853; alderdom.
- 9. mars: Sigvald Jørgensson Eldevik; ug. gards-  
arbeidar; f. 1900; uhukkestilfelle under arbeid i  
eit grustak i Sem i Vestfold.
- 13. mars: Kari Samsonsdr. Strømmen; kårenkje;  
f. 1862 i Haukedal; alderdom.
- 15. mars: Kristianne Pedersdr. Hamre, kona til  
sadelmaker Hamre; f. 1857 på Askeland; alder-  
dom.
- 10. mars: Anna Syrheller, enkje; f. 1865 på Lote  
i Gløppen; alderdom.

**Dagane mine har fare burt som  
ein røyk.** Salmc 102, 4.

## Notisar.

**Døypte:** 14 febr. Harald, f. 22. nov. av f. Isak Haraldsson Maurstad og k. Brita Pedersdtr. (f. Elde). — S. d. Bjørg Ragnhild, f. 18. des. av f. Peder Knutsson Solibakke og k. Johanne Sivertsdtr. — 21. febr. Bjarne Ingvald, f. 26. des. av f. Ivar Rasmusson Haugen, Dombestein, og k. Oline Nilsdtr. (f. Refvik).

**Davik sokneråd** hadde møte 31. januar og rekna ut klokkarlona etter den nye lova til kr. 317.20 + garden.

**Rugsund sokneråd** hadde møte 7. febr. — Til utlikning vart på kyrkjebudgettet oppført 1100 kr. Det vart vedteke å ha listeinnsamling i alle krinsane til elektrisk ljøs i kyrkjene. Ofringar i år skal vera: Ikr. påske til heidningmisjonen, ikr. pinse til Menighetsfakultetet; ikr. jol til sjukerøktlaget. — I møte 28. febr. låg fyre søknad frå uppsittjarar i Hamnen krins um å få gravplass på Hunskar. — Soknerådet gav søknaden sin studnad.

**Til sjukerøktlaget** er innkome: Medlemspengar: Elde 5 kr., Lefdal 19, Endal 16, Hennøy 9, Davik 64, Haus 18, Berle 12, Reksnes 17, Almanning 17, Torheim 7, Isane 15, Skatestraumen 13, Maurstad 37, Aalfot 36, Rugsund 36, Bortne 10, Dombestein 14. — **Mai blommar:** Tytingvåg 3, Leirgul 3, Husevåg 9, Maurstad 11, Bortne 3, Dombestein 4, Berle 8. — **Lodd og merke:** Tytingvåg 7, Berle 7, Leirgul 3.50, Davik 14, Lefdal 7, Endal 8.90, Hennøy 7, Gangsøy 3.80, Haus 14, Almanning 7, Husevåg 33, Torheim, Isane, Skatestraumen, Maurstad, Bortne, Dombestein: 7 kr. kvar. — **Basarar:** Lefdal 80, Davik 90, Bryggja 20.69 (rest). — Rugsund kassasum f. l. å 14. — Gåve frå nemnd i Endal 10.

Fru dr. Sveine er no formann i laget.

**Basarar:** Rugsund 3. okt. til Santalmisjonen, kvinneforeininga kr. 118.30, barnelaget 48, tils. 166.30. — Maurstad og Rimstad kvinneforeining 2. febr. til heidningmisjonen 200 kr. + bøssepengar 200, tils. 400. — Fest på Maurstad for Gamleheimen 130. — Elde 14. febr. til Gamleheimen 65.

**Gudstenester:**

3. sund. etter påske, 18. april: Davik.  
4. sund. etter påske, 25. april: Rugsund.  
5. sund. etter påske, 2. mai: Aalfot.  
Kristi himmelferdsd. 6. mai: Totland.  
6. sund. etter påske, 9. mai: Davik.  
1. pinsedag, 16. mai: Davik.  
2. pinsedag, 17. mai: Rugsund.  
Treenings sund., 23. mai: Aalfot.

**Kvittering for kontingent.** Lærer Midthjell, Malvin Aasnes, Hans Reksnes (Høp), fru Amalie Eide, S. Dybedal, kyrkjесongar Daviknes, Albert Benes 3 kr. — Marie Bakke, Erik D. Askeland, Brita Askeland, Abel Bentsen, Gjertrud Rosenlund, Andreas Krokepollen, Anna Seime, Matias Ryc 2 kr. Lars H. Reksnes d. e. 5 kr. — Rasmine Midthø, Paul Midthø 2.50. — Tilsaman 47 kr.

Hjarteleg takk til alle.

## Claus Frimann.

(Tale av **Olaf Hanssen** ved avdukinga av bautasteinen på Frimannslund 5. juli 1936).

Millom dei mange vakre bygdelag og ein-skilde bygder fedrelandet vårt eig, er ikkje minst Nordfjord vorte vidgjete. Med full rett. Og me er idag samla til storstenne i ei av dei vakraste bygder i landsluten. »Det smilande Davik« seier sume. Der er ogso andre rosande namn. Men me held oss til det »smilande Davik« — denne bygdi der Claus Frimann budde i mange år og vart heimfesta med sterke røter. Og av desse fekk han verk og noring til sitt skaldemål, som me enno høyrer ómen av, endå det snart er 150 år sidan han stod i si beste arbeidsvinna. Hans heimbygdskjensla sveipt inn i song hev dogga mangt eit morsauga. Hans songar vart sulla yver mang ei vogga. Og mang ei gjenta hev tralla songane på vegen til sætri med stølspannet på ryggen og bundingen i handi. Eller i heimane um kveldane når rokken surra og det dimme talgljoset blakra. For inkje å tala um dei tusund på tusund menn, unge og gamle, som i si tid i gjestebod og gaman song og las Frimann sine songar og salmar.

Kva var det då som gjorde Frimanns dikting so folkekjær i si tid? Me fær svaret på dette i songen »Spinnevisa«. Det kan gjerne vera at visa i våre dagar ikkje hadde rokke fram i ei premietevling. Likevel er det inkje skrive meir einfeltdt og vakkert um dette emne i norsk dikting, og vert det truleg heller inkje. Og i sovore kjensla kjende det norske bondefolk seg heime. Desse einfelde, religiøse vedkjømelege kjenslone som er sermerkte for den norske bonde den dag i dag. I kvar ein ting, i kvar ei hending finn det religiøse hugdraget ei maning til å venda tanken mot æva.

Spinnevisa var prenta i »Almuens Sanger« som han sende ut frå Davik i 1780. Me blader vidare i den gamle boki og finn songen om bonden som gjeng på marki og slær. Han ser på skorane han hev føyst ned med ljaen, på blomane og det fine høyet som skal tena til fôr åt buskapen hans. Han kjenner seg stolt og lukkeleg i godveret:

Nar ei med list, nar ei med vold  
jeg undertrykker næsten,  
betaler riktig skatt og told

til kongen, kirken, presten,  
forsømmer ei mitt Fader vår,  
bevarer ærligt rykte,  
hvem skulde jeg da blues for,  
hvad skulde jeg da frykte?

Og for ein herleg linn dâm ligg det inkje yver voggevisa hans: »O søvn du blide«. Dei fleste kjenner vel og til dette verset: »Den klokeste kan blive gjekk, en gjekk kan blive klok« o. s. v. Den hev vore vitsa yver ved mangt eit punsjebord, men dei fleste gjev seg inkje umak med å læra siste verset som kanskje er best:

Ti bryst dig kun så madelig,  
ei minste orm forakt.  
Selv denne hersker over dig  
når du i muld er lagt.

Og me vil nemna den sterke lovsongen hans. Det er som han ser ut yver Davik og Nordfjord og tilsist allheimen som hildrar seg i hugsyn:

Ser jeg til den vide jord,  
til de bjerge, de dale, de skove, de strande,  
til den buktefulle fjord,  
til de floder, de springende vande,  
til de dyr i tusental,  
fra jordhulernes slekter,  
den krypende vrimmel,  
til de får og fæ i dal.  
til den høieste ørn under himmel. ---  
Stor er du, da bryter jeg ut:  
Stor er du, all skapningens Gud!  
Himmel, hav og hele jord!  
Lover Herren, hans guddom er stor!

\*

Lat oss her idag ved bautaen yver Frimann heller ikkje gløyma hans mor, fru Sara Cold Frimann. Ho var eit gjævt menneskje og hadde sterke boklege hugmål, og det var ho som rettleidde sønene sine — Claus og Peter Harboe — ved dei fyrste stigi på diktarvegen. Det er gøymt eit lite dikt av henne, skrive i tidi kring 1750. Då det hev vore ukjent til denne tid, vil eg lesa det her:

Velkommen her paa Sildens land  
av salten sø, du vandringsmand,  
tak Gud som dig ledsage.  
Lad nu goddædigt hjerte se  
mod de nødtængte fattige  
som gaver her modtage.

Da vores bøn til himlens Gud  
av hjertets grund skal flyde ud,  
du glad til hus maa komme,  
og siden du i himmerig,  
hvor storm og vind ei skade dig,  
maa samles blandt de fromme.

Claus Frimann var alt i 30-årsalderen ein kjend diktar. Serleg avdi han vann i ei literær tevling i Kjøbenhavn som »Selskapei for de skjønne kunster« skipa for »det beste forsøk i malende poesi«. Det var nok ein fyresetnad at det skulde vera eit dansk motiv, men Frimann valde motivet frå bygdene her. Han valde Hornelen og vann prisen. »Hornelen« hev vore mange gonger i mange av diktsamlingane våre. Men det var ikkje denne sida av diktinga hans som gjorde honom folkekjær. Det var songane og salmane hans um det jamne bonde- og fiskarfolk og deira strid for tilværet. Her rørde han ved ein streng som gav rik atterljom, og gjorde honom til den kjæraste songaren i si samtid. Endå han hadde tevlarar som biskop Brun, Edvard Storm og Jens Zetlitz. På Vestlandet var som rimeleg kan vera, Frimannsongane serleg kjende og kjære. Folket laga tonar til songane hans, ja dei freista dikta dei um til sin dialekt. Det hev snaudt hendt med andre diktarar. Og i større lag og veitslor kom alltid Frimanns-visone fram. Då var det helst dei historiske minnedikt som var framme. Slike som Børkebeinervisa, oberst Kruse, Kjeld Stub og ikkje minst um klokken til Id, Ole Iversen Bakke.

(Framhald i neste nr.)

### Bibelen.

(Forts. fra nr. 76).

En god ting er det undertiden å lese høit de hellige ord. Men også da behøver du rett som det er å stanse litt når et ord krever ettertanke og overveielse. Du bør ofte bruke din blyant for å understreke det som har gjort særlig inntrykk på din sjel. Forsøm ikke heller, særlig i de yngre år, å lære skriftsteder utenad. Det er å samle sig en skatt. Særlig i sykdom med lange dager og våkne netter, eller i alderdommen med sin svakhet og ofte dårlige øine, da skal du få se at den skatt er god å eie. Og om du her og der i Bibelen støter på dunkle og vanskelige ord, underlige, ja kanskje støtende, — bare fortsett med din lesning og du vil få lys og forståelse efterhvert. Det ene fornødne vil du forstå, og det er hovedsaken.

(Forts.)